

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 1/2005

Møtedato: 9.2.05

Arkiv nr:

S 818, Krististølen – oppføring av sel

Trygve Rogne søker om å føre opp eit sel på 55 m². Det er ei brakkeliknadene bygg på 15 m² som blir bruk til sel på stølen frå før. Det er ikkje opplyst kva som skal gjerast med eksisterande sel.

Jorda heime og på stølen blir leigd bort, men det kan bli aktuelt å drive sjølv i framtida.

Bygging på støl som ikkje er i bruk er regulert i § 14 i stølsforskriftene der det heiter:

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarende. Før Statskog tek avgjerd skal fjellstyret ha saka til fråsegn.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at søkjaren får føre opp nytt sel på 55 m². Vilkåret for tilrådinga er at eksisterande sel blir fjerna.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.2.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Trygve Rogne, 2960 Røn
Vestre Slidre kommune